




Vestleg Kulturløype/Ulvik

On the west side of Ulvik



Tellstien.

Foto: Birgit Lindebrekke



Lindebrekke.

Foto: Birgit Lindebrekke

Rute og ymse av interesse

Gangtid: Alt. 1 - om lag 2 1/2 time

Alt. 2 - om lag 3 timar

Alt. 3 - om lag 4 timar

Terreng: Asfaltveg, skogsveg, traktorveg og sti.

Parker bilen i sentrum av Ulvik, kalla Brakanes. Kryss Rv. 572 ved Lensmannskontoret og fylg vegen langs elva Tyssø forbi Ulvik Fruktlager (1). Rett etter krysser vegen elva og du kjem inn på skuleområdet til Brakanes Skule (2), som har ca 150 elevar. Skulen er bygd i 1953 og har påbygg frå 1970, 1982 og 1996.

Her går du fyrst rett fram langs vegen til du er ved skulebygningen og tek så til høgre opp trappene til du kjem opp i neste veg. Husa i byggefeltet her er tidstypiske norske ferdighus frå perioden 1970-80. Frå trappene går du til høgre til du kjem ut i Rv. 572 ved samfunnshuset «Elvatun» (3). Huset har eit namn i tråd med norsk ungdomslagstradisjon og syner at det ein gong var eigd av Ulvik Ungdomslag. Huset vart bygd i 1934 og er typisk for stilen her i Hardanger, men ein god del større enn det som var vanleg. Huset overlevde krigshandlingane i 1940, mest sannsynleg fordi dei tyske skipsartilleristane trudde det var ei kyrkje.

Du følgjer no Rv.572 forbi garden Hjelmvoll (4). Gardshusa er frå 1800-talet, legg merke til det «sveitserstilinspirerte» huset med fine utsmykningar og stort tak. Fylg Rv.572 vidare og ta av til venstre på vegen merka «Audnaland» (5). Legg spesielt merke til den høge gråsteinsmuren som vegen er lagd på her i svingen, men dett ikkje utfor! Rv. 572 mellom Ulvik og Granvin vart bygd i 1890-åra av ingeniørar og arbeidrarar som knapt hadde sett ein bil, og som vanskeleg kunne drøyma om storleiken og vekta på vår tids turistbussar og trailerar. Likevel har vegen gjort nytten med relativt små utvidingar og utbetringar. Våningshuset oppe

Route and places of interest

Duration: Alternative 1 - approx. 2.5 hours

Alternative 2 - approx. 3 hours

Alternative 3 - approx. 4 hours

Park the car in the centre of Ulvik (called Brakanes), cross Rv572 by the police station and take the road along the river Tyssø past Ulvik Fruktlager (1).

The road crosses the river and you arrive at the Brakanes School (2). The school was built in 1953, expanded in 1970 and again in 1982 and 1996. The school now has 150 pupils.

Turn right, go up the stairs by the school building. The residential area that you see here contains mostly typical Norwegian prefabs from the 1970's and 1980's. At the top of the stairs you turn right again and continue until you arrive at Rv572 by the local dance hall "Elvatun" (3). The name is in the tradition of the Norwegian youth associations, and shows that it was owned by the village's youth association. The building was erected in 1934 and although it is quite a bit larger than usual, it is in the Hardanger style. It survived the hostilities during the occupation in 1940, most likely because the crew on the German gunboat thought it was a church.

Continue on Rv572 past the farm Hjelmvoll (4). The farmhouses are from the previous century, and notice the building in "Swiss" architectural style with rich woodwork and wide awnings. Proceed along the same road and turn left onto the road marked "Audnaland" (5). If you lean out you can see the impressive masonry road foundations (don't fall off!). Rv 572 between Ulvik and Granvin was built by masons and engineers who probably had never seen a car and who could not even begin to anticipate the size and weight of modern busses and trailers. Still, with only minor widening and improvements, the road has served quite well.

In the hill above the road there is a farmhouse that was completed in 1984 on the foundations of a much older building. The architect has taken care to maintain the same style as in the cluster dwellings on the farm Sponheim with traditions going back to medieval times.

Go past the cluster of buildings and follow a tractor road through the pastures until you reach the improved forest road from Lindebrekke (6). This logging road was built in the 1980's and is one of many such roads in the Ulvik area. These roads were built to facilitate the harvesting of pine and spruce and are subsidised by the authorities. In order to receive financial support the farmers are contracted to harvest a specified volume of logs each year and under this arrangement more than 7000 cubic metres are produced annually in the Ulvik area. Some of it goes to local sawmills but most of it is sent to the paper industry in eastern Norway.



i bakken stod ferdig i 1984 på murane etter ein mykje eldre bygning. Arkitekten har lagt vinn på å tilpassa huset til det gamle klyngetunet på garden Sponheim med tradisjonar attende til mellomalderen.

Vidare går du forbi gardstuna og fortset innover i marka langs ein traktorveg til du når skogsbilvegen som kjem frå Lindebrekke (6). Denne skogsbilvegen vart bygd på 1980-talet og er ein av mange slike vegar i Ulvik. Vegane er bygde for å lette tilkomsten til skogsteigane, og dermed auke avvirkinga av gran og furu. Vegane er bygde med kommunale og statlege tilskotsmidlar, og bøndene har forplikta seg til å hogga eit visst kvantum for året for å få desse tilskota. Årleg vert det avvirka omlag 7.000 m³ i Ulvik, ink. ved for sal. Det meste av tømmeret vert seld ut av bygda.

Du kan no velja mellom 3 ulike ruter attende til Ulvik:

Alt.1: Ta til høgre på skogsbilvegen og gå rett mot Lindebrekke og attende til sentrum.

Alt. 2: Ta til venstre og gå skogsbilvegen fram til Øyane (7). Her går du til høgre og so til høgre igjen på ein sti gjennom granskogen mot Lindebrekke, følg skilta.

Alt. 3: Dei riktig spreke kan og ta vegen om Tellstiplassen og Tellstien, men ver merksam på at siste delen av denne «sløyfa» er svært bratt. (Eit alternativ er å gå til eit stykke oppover og så snu og gå attende til Øyane og gjennom granskogen til Lindebrekke).

Vel du Alt. 3 går du til venstre opp bakken på «Furesetevegen» og etter om lag 1 km kjem du til eit vegskilje. Du er no komen inn på den gamle ferdselsvegen mellom Ulvik og Granvin, kalla Postvegen (8). Dette var ferdselsåra mellom desse to bygdelaga heilt til riksvegen vart bygd i 1890 åra. Postvegen vart berre nytta sommarsdagen, då han somme stader var for bratt til å køyre slede på om vinteren. I dag vert Postvegen mykje nytta som turveg, både av tilreisande og fastbuande.

Du kjem no til den delen av turen som er svært bratt, og om du vil, kan du no snu og gå attende til Øyane og vidare til Lindebrekke etter Alt. 2. Vel du å gå vidare (Alt. 3), går du til høgre gjennom skogen, forbi Tellstiplassen (9) og ned Tellstien til Lindebrekke. Tellstiplassen var sjølvstendig gardsbruk gjennom nokre tiår fram til 1860. Bruket låg ikkje fullt så avsides som det kan verka i dag, for den gongen var dette hovudvegen til og frå Ulvik. Følg vegen vidare ned Tellstien (10) til Lindebrekke. Brekka (dialekt for bratt bakke) som vert kalla Tellstien, vart sett i stand som køyreveg i 1840 åra. Fram til noverande RV 572 var ferdig i 1900, var dette den einaste vegen til og frå Ulvik der ein kunne nytta hest og vogn.

På Lindebrekke tek du gardsvegen ned mot Sponheim (11). Soga til garden Sponheim kjenner ein gjennom skriftlege kjelder heilt attende til 1100-talet. Ogmunder frå Sponheim drog på jordsalferd, d.v.s. korstog til det heilage landet, og etterkomarane hans var stormenn med jordeigedomar rundt om i distriktet.

Når du kjem til riksvegen att, tek du til høgre og fylgjer denne attende til sentrum av Ulvik (12). Bautasteinen på Almendingen er reist til minne over diktinga til Olav H. Hauge (1908-1994). Bauten er utforma av Kristian Blystad og vart avduka i 1995. På baksida er diktet «Ogmund rid heim» rita inn i steinen. Ogmund var av Sponheimsætt og drog på korstogsferd til det heilage landet, sjå 11.

Kjelder: Bygdebok for Ulvik, RIT v/O.Hellesnes, 5730 Ulvik

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturan er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.

For the return to Ulvik you can choose between 3 alternatives:

Alt. 1: Turn right and follow the logging road straight to Lindebrekke and back to Ulvik centre.

Alt. 2: Turn left and follow the logging road to Øyane (7). Here you turn right, and right again on a path through the pine forest to Lindebrekke. Just follow the signs.

Alt. 3: Those who are in good shape can take the road to Tellstiplassen and Tellstien, but remember that the last part of this path is quite steep. (You may also walk just part of the way up and then go back to Øyane through the forest to Lindebrekke).

If you select Alternative 3, turn left up the hill along a path called "Furesetevegen". After about 1 km the road forks and you will take the old Post Road (8). This was the main route between Ulvik and Granvin until the national road was built in the 1890's. It was used only during the summer, as a part of it was too steep for horses with sleighs during winter. Today the old Post Road is used mostly for hiking and is popular both among locals and visitors.

You are now approaching the steep part. As mentioned, if you wish, you can return to Øyane and Lindebrekke along Alt. 2. If you continue on Alt. 3, turn right through the forest, past Tellstiplassen (9) and down Tellstien to Lindebrekke. The old croft Tellstiplassen was an independent farm for a few decades before 1860 and, considering that this was the main road from Ulvik, it was not as isolated as it appears now.

Follow the road down Tellstien (10) to Lindebrekke. The word "brekka" is dialect for "the steep hill". Tellstien was improved to horse and carriage standard in 1840 and was the only such road to and from Ulvik before Rv572 was built in 1900.

At Lindebrekke you take the farm road down to Sponheim (11). This farm has a written history going back to 1100 where we can read that Ogmunder from Sponheim joined the crusades to the holy land and that his descendants were wealthy and owned several farms in the area.

You are now nearing the main road. Turn right and stay on the main road back to Ulvik centre (12). The stone monument in the square is commemorating the poet Olav H. Hauge (1908-1994). The monument is sculpted by Kristian Blystad and was unveiled in 1995. Chiselled into the back of the rock you find the poem "Ogmund rides home". It tells of Ogmunder from Sponheim as he returns from Jerusalem, see 11.

Sources: Bygdefolk for Ulvik, RIT by O. Hellesnes, 5730 Ulvik